

Frå: Nordhordland skogeigarlag

Til: Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø (postmottak@lindas.kommune.no)

Det vert vist til kunngjeringsstekst om innspel til kommuneplanen sin arealdel 2019 – 2029, der det er sett frist 14. september for å koma med innspel. Vidare vert det vist til godkjent planprogram vedteken 22.mars 2018, der eit av viktige tema kommunen inviterer til innspel på er nye næringsareal, og tekst der på side 13 det står følgjande:


*«Samfunnsdelen legg klare føringar for å samle og utvikle arealintensiv næring langs hovudfartsårene E39 og FV57. Gjennom arbeidet med kommuneplanen sin arealdel skal det bli gjort utgreiingar av vidare næringsstruktur i kommunen, som kor ein skal legge til rette for handel, industri og tenesteyting. Det må bli gjort analysar av tilgjengeleg næringsareal for å ha eit godt kunnskapsgrunnlag om dagens situasjon, slik at ein kan utvikla eksisterande areal og avveie behov for nye.»*

Vidare vert det vist til *eige kulepunkt 4 i planprogrammet* der det under **Aktuelle utgreiingar** står:

- Kartlegge potensialet for større næringsområde i tilknytning til hovudveg

Nordhordland Skogeigarlag ber med dette som bakgrunn om at Lindås kommune legg inn nye område for næringsareal rundt tømmerkaien vår på Eidsnes. Det vert vist til kartet nedunder, som viser kva område Skogeiarlaget ønskjer primært ønskjer vert lagt inn i kommuneplanen sin arealdel. Bakgrunnen for ønsket er behovet for å leggja til rette for meir tømmerlagar i området rundt tømmerkaien, samt ønskje om å utvikla nye trebaserte næringar med god tilgang til både E39 og etablerte kaiareal.

*Framlegg til nytt næringsarela er vist med blåfarge, sjå kart nedunder*



Me vil samstundes støtta innspel som går på å utvida næringsområda nord og inntil E39 på Eikanger, ut frå at det også her vil kunna utviklast areal med stort potensiale for å styrka næringslivet i Lindås (snart Alver) kommune.

Venleg helsing

Sveinung Toft

Leiar i Nordhordland skogeigarlag